

Finnes det eit liv utan bøk

■ GEIR SVERRE BRAUT >>> Seniorrådgjevar ved SUS og professor ved UiS/HSB



Når eg blir spurt om kva bok-, film- eller musikkoppleving som har betydd mest for meg, har eg store problem med å svara. Ved hjelp av eliminasjonsmetoden kuttar eg ut film. Det er få, om nokon, filmar som har påverka liv eller kjensler ut over det eg såg der og då. Både i arbeid og privat har livet vore meir spennande enn det eg har sett gjennom film. Musikk er greitt nok. Eg veit kva eg likar og kva eg ikkje tykkjer om. Musikk kan også røra ved noko langt inni meg, men eg greier å leva livet utan musikk.

Eit liv utan bøker kan eg ikkje sjå for meg. Så langt tilbake som eg kan hugsa har eg elska bøker – og tidsskrift! Der har eg funne opningar til delar av verda som eg ikkje har hatt tilgang til. I og mellom linene i lyrikk har eg funne spennningar som har sett mine eigne kjensler og livserfaringar i nytt lys. Noveller har gitt rastlause meg innsikt i samanhengar som eg ikkje åleine har hatt føresetnader for å sjå. Romanar er det blitt mindre av. Dei skal ha eit sterkt indre driv for at eg orkar å fullføra. På sakprosa, derimot, har appetitten vore ovstor.

For om lag 15 år sidan gjekk eg gjennom ei litterær vekking. (Alle frå Sør-Vestlandet veit kva kraft det er i vekkingar.) Engelskkunn-

skapane mine har alltid vore så som så, og på den tida fann eg ut at eg berre måtte gjera noko med det. På ein passe akademisk måte fann eg ut at pensum til engelsk grunnfag var ei høveleg, sjølvpåført tvangsbehandling.

Pensumlista kom, og eg kjøpte inn den relevante litteraturen. Der var sjølv sagt William Shakespeare. Han var jo ikkje ukjent, men eg må medgje at det stort sett berre var sonettane hans eg hadde vore borti tidlegare. No hadde eg altså pressa meg sjølv til å lesa *Hamlet*.

Skeptisk var eg i starten, men det skulle bli opninga til utruleg mykje glede. Plottet er eigentleg så som så. Det er prega av forfatternen si samtid. Men dei mellommenneskelege spenningane som utspelar seg, er tidlause. Forvitneleg er det å sjå korleis det engelske språket har hatt ein utruleg stabilitet sidan tidleg på 1600-talet. Replikkevekslingane er frodige og inneheld korte, meiningstette periodar som presist formulerer allmenne røysler. For ein som elsker tekstarbeid, er det også moro å leika seg med skilnadene mellom dei tre ulike tekstutgåvene som har eksistert gjennom 400 år.*

Det teoretiske arbeidet med *Hamlet* blei på ein fascinerande måte kopla inn i mine eigne livserfaringar, og gav meg eit sett med analytiske perspektiv og instrument som eg sidan har drege med meg og hatt glede av både i arbeid og privatliv.

Om tragedien om *Hamlet* skulle verka litt for pretensiøs å gå laus på, kan andre av Shakespeares verk tilrådest. Kva med forviklingsspelet *The comedy of errors*, eller *Romeo and Juliet*? Men for alt i verda, les dei på engelsk. Her er det mykje som kan gå tapt i omsetjingane.

Vel – eigentleg skulle eg ha skrive om *Bibelen*, for det er nok den boka (eller boksamlinga) som eg har hatt størst glede av gjennom livet. Her er det nett som med *Hamlet*; forståingane og tolkingane ligg lag på lag. For den som vil kjenna etter, er kontakten med kjernen i det å vera menneske så påtrengjande at det kan bli ganske plagsamt. Det er vel nettopp dette som særkjenner god litteratur, og som gjer at lesing av og til kan vera litt strevsamt.

■ GEIR.SVERRE.BRAUT.@SUS.NO

* Det finst mange gode studieutgåver av Shakespeares arbeid. Eg likar best dei som kjem frå Cambridge University Press under nemninga The New Cambridge Shakespeare.

er - det er spørsmålet

